



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 09.02.2016  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm, permisjon kl. 15:30	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø	Sølvi Dimmen	MDG
Åshild Vik	Gunnar Strøm	SV
Arild Iversen	Anders Egil Straume	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Ernst Lundberg	Sakshandsamar, PS 19/16, 20/16 og 21/16
Asbjørn Moltudal	Sakshandsamar, PS 23/16, 26/16 og 29/16
Henrik Skovly	Økonomisjef, PS 22/16

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 17/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 18/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 19/16	<b>Gjennomføring reguleringsplan Håmyra - Godkjenning av avtalar om veggrunn.</b>
PS 20/16	<b>Næringsareal på Rotset - Oreigning gbr 30/4 – klage</b>
PS 21/16	<b>Samferdselsutfordringar - Avtale med Gode Vegar AS</b>
PS 22/16	<b>Forslag til nytt inntektssystem- Uttale frå Volda kommune</b>
PS 24/16	<b>Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av desember 2015</b>
PS 25/16	<b>Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar</b>
PS 28/16	<b>Finansiering av trafikktryggingstiltak - parkering Oppigarden og Sollia barnehage</b>
PS 29/16	<b>Innføring av flypassasjeravgift – høyring</b>
PS 27/16	<b>Orienteringssaker</b>
OS 16/16	<b>Notat - Politisk organisering – driftsstyret</b>
OS 17/16	<b>Bruk av møterom på rådhuset til politiske møter</b>
OS 18/16	<b>Bruk av "ordførarmidlane" – retningsliner</b>
PS 23/16	<b>Kommunereforma - utviding av mandat</b>
PS 26/16	<b>Ferjesambandet Volda-Folkestad</b>
OS 19/16	<b>Informasjon om personalsak</b>

## **PS 17/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Innleiingsvis i møtet hadde Volda næringsforum, v/Stefan N. Halck, ei orientering om status for prosjektet "Mellom bygningane". Formannskapet drøfta saka og kom med synspunkt til arbeidet.

### **Innkalling:**

Ettersending av dokument 08.02.2016:

- PS 28/16 Finansiering av trafikktrygging – Parkering Oppigarden og Sollia barnehage
- PS 29/16 Innføring av flypassasjeravgift – høyring

### **Sakliste:**

Ordføreren informerte om at PS 23/16 og PS 26/16 vert handsama i lukka møte, jr. kl. § 31 nr. 5. Han kom med framlegg om at sakene vert flytta til slutten av møtet.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med endringar frå ordføreren, vart samrøystes godkjent.

## **PS 18/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå forrige møte, 19.01.2016, vart samrøystes godkjent.

## **PS 19/16 Gjennomføring reguleringsplan Håmyra - Godkjenning av avtalar om veggrunn.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5 i denne saka*
2. *Formannskapet tek til vitende fråsegner frå gnr. 18 bnr. 5 og 6 om omlegging av Prestesetervegen i vedlegg 2.*

**Handsaming:**

Sakshandsamar Per Ernst Lundberg møtte under handsaminga av saka.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i formannskapet - 09.02.2016:**

- 1. Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5 i denne saka*
- 2. Formannskapet tek til vitende fråsegner frå gnr. 18 bnr. 5 og 6 om omlegging av Prestesetervegen i vedlegg 2.*

**PS 20/16 Næringsareal på Rotset - Oreigning gbr 30/4 - klage****Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje komen i møte, med det kommunestyrt viser til grunngjevinga i saksutgreiinga nedanfor.*
- 2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.*

**Handsaming:**

Sakshandsamar Per Ernst Lundberg var til stades under handsaminga av saka.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:**

- 1. Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje komen i møte, med det kommunestyrt viser til grunngjevinga i saksutgreiinga nedanfor.*
- 2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.*

**PS 21/16 Samferdselsutfordringar - Avtale med Gode Vegar AS****Administrasjonen si tilråding:**

1. *Volda kommune gjer avtale med Gode Vegar AS om hjelp i arbeidet med å fremje gode samferdsleløyisingar for kommunen/regionen, i samsvar med forslag til avtale i vedlegg 2 i denne saka.*
2. *Kostnaden for Volda kommune, kr. 100.000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost slik: 12700-1550-285-151650.*

### **Handsaming:**

Volda FrP v/Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

- *”Volda kommune har fleire viktige saker/prosjekt der ein konkurrerer om prioritering i t.d. Nasjonal Transportplan/NTP – i første rekkje gjeld dette bygging av Voldatunnel.*
- *Det vert utpeikt ei gruppe på 3 personar som får vide fullmakter til å drive alt naudsynt påverknadsarbeid i denne samanheng – mot offentlege organ og politiske myndigheiter. Gruppa vert lagt direkte under formannskapet.*
- *Gruppa består av: Ordførar, eit anna medlem frå formannskapet og Rådmannen. Drift av denne gruppa vert å finansiere frå formannskapet sin reservepost.”*

Det vart halde prøverøysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk seks røyster, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Arild Iversen)

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk fire røyster (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik, Arild Iversen og Dan Helge Bjørneset), fem røysta mot.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen fekk seks røyster og vart vedteken, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Arild Iversen)

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk fire røyster (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik, Arild Iversen og Dan Helge Bjørneset) og fall, fem røysta mot.

### **Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:**

1. *Volda kommune gjer avtale med Gode Vegar AS om hjelp i arbeidet med å fremje gode samferdsleløyisingar for kommunen/regionen, i samsvar med forslag til avtale i vedlegg 2 i denne saka.*
2. *Kostnaden for Volda kommune, kr. 100.000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost slik: 12700-1550-285-151650.*

## **PS 22/16 Forslag til nytt inntektssystem- Uttale frå Volda kommune**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret viser til kommentarane i saksutgreiinga. Volda kommune ser med uro på regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem ved at stadig større andel av driftsulempene i tenesteytinga vert definert som frivillige kostnader.*

*Volda kommune vil særskilt presisere behovet for at staten ivaretek minsteinntektskommunane og held fast på dagens forhold mellom skatt og ramme (skatteandel).*

*Vidare vil Volda kommune særskilt presisere at eingongstilskot og reformtilskot i samband med kommunereforma ikkje skal gå på bekostning av framskriving av dagens nivå på inntektsoverføringa til kommunesektoren.*

### **Handsaming:**

Økonomisjef Henrik Skovly var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret viser til kommentarane i saksutgreiinga. Volda kommune ser med uro på regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem ved at stadig større andel av driftsulempene i tenesteytinga vert definert som frivillige kostnader.*

*Volda kommune vil særskilt presisere behovet for at staten ivaretek minsteinntektskommunane og held fast på dagens forhold mellom skatt og ramme (skatteandel).*

*Vidare vil Volda kommune særskilt presisere at eingongstilskot og reformtilskot i samband med kommunereforma ikkje skal gå på bekostning av framskriving av dagens nivå på inntektsoverføringa til kommunesektoren.*

## **PS 24/16 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av desember 2015**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*

## **PS 25/16 Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar**

### **Vedtak i kommunestyret - 28.01.2016:**

*Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten*

### **Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg:

1. *Formannskapet vedtek å starte opp med arbeidet med budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020 så raskt som råd og oppnemner ei arbeidsgruppe til å drøfte strategiar og tiltak saman med administrasjonen, samansett slik:*

- 3 representantar frå formannskapet: \_\_\_\_\_ / \_\_\_\_\_ / \_\_\_\_\_
- leiar av driftsstyret
- leiar av forvaltningsstyret

*Dei hovudtillitsvalte vert invitert til å møte med 2 representantar med talerett i møta i arbeidsgruppa.*

2. *Arbeidsgruppa skal etter førebuaende innspel frå administrasjonen, og utvida KOSTRA-analyse, identifisere strategiar og tiltak som kan frigjere ressursar etter dei føringar og målsettingar som er i gjeldande budsjett og økonomiplan.*

3. *Formannskapet vedtek slike føringar for arbeidet:*

*a. Strategiar og tiltak for å redusere driftsnivået, samt utvikle kommunen, skal sjåast i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv opp mot mål, strategiar og handlingsprogram i kommuneplanen, samt ev konsekvens av kommunereforma.*

*b. Drifta skal vurderast i høve til normert utgiftsnivå i inntektssystemet, og tiltak skal også vurderast ut frå kva nivå drifta i Volda kommune ligg i høve samanliknbare kommunar.*

*c. Tidleg innsats og førebygging i alle livsfasar er retningsgjevande. Strategiar og tiltak skal stimulere til meistring der ein byggjer på folk sine ressursar for å auke livskvaliteten og redusere behovet for ressurskrevjande tenester.*

*d. Ingen strategiar eller tiltak vert skjerma for utgreiing i denne fasen. Tiltak som kan frigjere ressursar der tilbodet likevel vert oppretthalde skal synleggjerast (til dømes endra organisering og struktur på tenestene).*

*e. Investering og tiltak i nyskapande måtar å organisere og gjere ting på for å drive smartare og rimelegare skal vurderast.*

*f. Arbeidsgruppa skal ha kontinuerleg dialog med formannskapet. Leiar for driftsstyret og for forvaltningsstyret vert bedne om å ha løpande dialog med sine utval.*

*4. Rapport frå arbeidsgruppa skal vere ferdig til 10. august og inngå som grunnlag for ev brukarinnspel og ei sak som rådmannen legg fram til politisk handsaming i kommunestyret i september.*

*Status og framdrift i arbeidsgruppa sitt arbeid vert å leggje fram for kommunestyret under vegs.*

*5. Det etablerte trepartssamarbeidet vert bedt om å kome med framlegg til strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.*

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

#### **Røysting:**

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Formannskapet - 09.02.2016:**

*Saka vert utsett.*

### **PS 28/16 Finansiering av trafikktryggingstiltak - parkering Oppigarden og Sollia barnehage**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. For å gjennomføre trafikktryggingstiltaket med justering av gangveg og utbetring av parkeringstilhøva ved Oppigarden og Sollia barnehage innanfor ei kostnadsramme på kr. 2.450.000. godkjenner kommunestyret:*
  - låneopptak på kr. 1.960.000*
  - momsrefusjon på kr. 490.000 vert tilbakeført prosjektet.*
- 2. Vedtaket er gjort i medhald av kommunelova § 13.*
- 3. Tiltaket vert finansiert innanfor den vedtekne låneramma for investeringsprosjekt i 2016 (som vist i saksutgreiinga).*

#### **Røysting:**



Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i formannskapet - 09.02.2016:**

- 1. For å gjennomføre trafikktryggingstiltaket med justering av gangveg og utbetring av parkeringstilhøva ved Oppigarden og Sollia barnehage innanfor ei kostnadsramme på kr. 2.450.000. godkjenner kommunestyret:*
  - låneopptak på kr. 1.960.000*
  - momsrefusjon på kr. 490.000 vert tilbakeført prosjektet.*
- 2. Vedtaket er gjort i medhald av kommunelova § 13.*
- 3. Tiltaket vert finansiert innanfor den vedtekne låneramma for investeringsprosjekt i 2016 (som vist i saksutgreiinga).*

#### **PS 29/16 Innføring av flypassasjeravgift - høyring**

##### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda formannskap syner til at Toll- og avgiftsdirektoratet har sendt ut endringar i forskrift 11. desember 2001 nr 1451 om særavgifter (særavgiftsforskrifta) som fylgje av Stortinget sitt vedtak 14. desember 2015 om flypassasjeravgift.*

*Det vert vidare synt fråsegna frå Ørsta Næringskontor d.s. 04.02.2016 og skrivet frå NHO Luftfart d.s. 22.12.2015 om dei regionale konsekvensane ved innføring av flyskatt. Ein syner også til at vedtaket synest å vere gjort utan forutgåande prosess/ konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar ved ei innføring av ei slik avgift.*

*Volda kommune vil på bakgrunn av dette sterkt frårå innføring av flyskatt slik det no er lagt opp til.*

##### **Handsaming:**

Det vart gjort ei redaksjonell endring i tilrådinga frå administrasjonen. Flyskatt vart endra til flypassasjeravgift.

##### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Formannskapet - 09.02.2016:**

*Volda formannskap syner til at Toll- og avgiftsdirektoratet har sendt ut endringar i forskrift 11. desember 2001 nr 1451 om særavgifter (særavgiftsforskrifta) som fylgje av Stortinget sitt vedtak 14. desember 2015 om flypassasjeravgift.*

*Det vert vidare synt fråsegna frå Ørsta Næringskontor d.s. 04.02.2016 og skrivet frå NHO Luftfart d.s. 22.12.2015 om dei regionale konsekvensane ved innføring av flypassasjeravgift.*

*Ein syner også til at vedtaket synest å vere gjort utan forutgåande prosess/ konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar ved ei innføring av ei slik avgift.*

*Volda kommune vil på bakgrunn av dette sterkt frårå innføring av flypassasjeravgift slik det no er lagt opp til.*

## **PS 27/16 Orienteringssaker**

Gunnar Strøm fekk permisjon og vara Åshild Vik tok sete.

## **OS 16/16 Notat - Politisk organisering - driftsstyret**

Rådmannen orienterte om saka. Formannskapet drøfta saka, og var samde om at saka bør sendast til driftsstyret for vidare arbeid og tilråding. Driftsstyret bør vurdere fordelar og ulempar med deling til styrer for omsorg og oppvekst spesielt i forhold til oppsøkande verksemd og arbeid med enkeltsaker, temaplanar, utarbeiding av handlingsprogram og budsjett.

## **OS 17/16 Bruk av møterom på rådhuset til politiske møter**

Dei politiske partia har høve til å leige møterom på rådhuset. Servicekontoret administrerer utleige av møteromma.

## **OS 18/16 Bruk av "ordførarmidlane" - retningsliner**

Formannskapet drøfta saka og var samde om at "ordførarmidlane" skal nyttast med bakgrunn i søknad. Formannskapet kan løyve midlar som ordføraren kan disponere, og at dette kan sjåast i samanheng med sak om budsjettkorrigerings.

## **PS 23/16 Kommunereforma - utviding av mandat**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret syner til K-sak 760/15 pkt. 3. Det vert vidare synt til møte mellom ordførarane i Volda, Ørsta, Hornindal og Stryn.*

*Under føresetnad av at kommunestyra i Hornindal og ev også Stryn gjer initiativ overfor Volda og/el. Ørsta, vedtek kommunestyret at mandatet i pkt. 3 i ovannemnde sak vert utvida til også å gjelde forhandlingar om intensjonsplan med desse kommunane. Mandatet dekkjer både forhandlingar om mogleg samanslåing, og i alle høve samarbeid for å utvikle regionen med visjon om å kunne ta ein posisjon mellom Ålesund og Førde.*

*I fall ein gjennom drøftingane endar opp med avtale med ei eller fleire av desse kommunane vil den rådgjevande folkerøystinga 19. mai omfatte også den avtalen.*

*Valstyret får i så fall mynde til å gjere tilpassingar i høve vedtaket i K-sak 10/16.*

### **Handsaming:**

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal var til stades under handsaminga av saka.

Rådmannen orienterte om saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Kommunestyret syner til K-sak 760/15 pkt. 3. Det vert vidare synt til møte mellom ordførarane i Volda, Ørsta, Hornindal og Stryn.*

*Under føresetnad av at kommunestyra i Hornindal og ev også Stryn gjer initiativ overfor Volda og/el. Ørsta, vedtek kommunestyret at mandatet i pkt. 3 i ovannemnde sak vert utvida til også å gjelde forhandlingar om intensjonsplan med desse kommunane. Mandatet dekkjer både forhandlingar om mogleg samanslåing, og i alle høve samarbeid for å utvikle regionen med visjon om å kunne ta ein posisjon mellom Ålesund og Førde.*

### **Røysting:**

Det vart først røysta over framlegget frå ordføraren som fekk åtte røyster, Odd A. Folkestad røysta mot.

Framlegget frå administrasjonen fekk null røyster og fall.

### **Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret syner til K-sak 760/15 pkt. 3. Det vert vidare synt til møte mellom ordførarane i Volda, Ørsta, Hornindal og Stryn.*

*Under føresetnad av at kommunestyra i Hornindal og ev også Stryn gjer initiativ overfor Volda og/el. Ørsta, vedtek kommunestyret at mandatet i pkt. 3 i ovannemnde sak vert utvida til også å gjelde forhandlingar om intensjonsplan med desse kommunane. Mandatet dekkjer både forhandlingar om mogleg samanslåing, og i alle høve samarbeid for å utvikle regionen med visjon om å kunne ta ein posisjon mellom Ålesund og Førde.*

Etter at det vart gjort vedtak i saka, kom ordføraren med framlegg om at møtet skulle lukkast, jf. kl. § 31, nr. 5.

Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet.

Ordføraren orienterte om arbeidet i forhandlingsnemnda. Formannskapet drøfta saka, og kom med innspel til vidare forhandlingar med Ørsta kommune.

## **PS 26/16 Ferjesambandet Volda-Folkestad**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet syner til saksutgreiinga og sluttar seg til rådmannen sine konklusjonar i saka.*

### **Handsaming:**

Saka vart handsama medan møtet var lukka, jf. kl. § 31, nr. 5.

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal var til stades under handsaminga av saka.

Formannskapet drøfta saka og var samde om at ordføraren får fullmakt til å sende fråsegn til Statens Vegvesen.

### **Røysting:**

Det vart samrøystes vedteke at ordføraren får fullmakt til å sende fråsegn til Statens Vegvesen.

### **Vedtak i formannskapet - 09.02.2016:**

*Ordføraren får fullmakt til å sende fråsegn til Statens Vegvesen.*

## **OS 19/16 Informasjon om personalsak**

Orienteringa vart gitt medan møtet var lukka jf. kl. § 31, nr. 3.

Rådmannen informerte om forlik i personalsak.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle opnast.

Møtet slutt 17:45

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
10.02.2016

Sonja Håvik  
konsulent